



sparebanken  
sogn og fjordane



# Utgreiing for aktsemdsvurderingar

Openheitslova



# Innholdsliste

Introduksjon.....	3
Føremålet med utgreiinga.....	4
Menneskerettar og arbeidstakarrettar .....	4
Aktsemdsvurderingar.....	4
Utgreiinga sitt innhald om omfang .....	5
Forankring, retningslinjer, roller og ansvar .....	5
Leverandørar og forretningspartnarar .....	6
Forankring.....	6
Roller og ansvar .....	6
Kartlegging og vurdering av risiko for negative konsekvenser i leverandørkjeden og hos forretningspartnarar .....	7
Faktiske negative konsekvensar (som er avdekka) i vår leverandørkjede og forretningspartnarar.....	7
Tiltak som er satt i verk for å stoppe, førebygge eller redusere påverknad og skade.....	8
System for å motta og handtere informasjonskrav.....	8
Eigne tilsette .....	8
Forankring .....	8
Roller og ansvar .....	8
Varslingsordning .....	8
Kartlegging, vurdering av risiko og tiltak i eiga verksemd .....	8
Gjenoppretting .....	8
Oppsummering og signatursider.....	10

# Introduksjon

Openheitslova trådde i kraft 1. juli 2022 og «skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester». Vidare skal lova «sikre allmenta tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold».

I henhold til lova skal store bedrifter i Norge «utføre aktsemdsvurderingar i tråd med OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap. Aktsemdsvurderingane skal utførast regelmessig og stå i forhold til verksemda sin storleik, verksemda sin art, konteksten verksemda finn stad innanfor, og alvorlegheitsgrada av og sannsynet for negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold».

**Kontaktperson for rapporten:**

Ingri Martine Fonn Macsik  
Ingri.macsik@ssf.no



## Føremålet med utgreiinga

Denne rapporten gjer greie for aktsemdsvurderingane som Sparebanken Sogn og Fjordane har gjort i perioden 01.01.23 til 31.12.23. Føremålet er å gje relevant informasjon om verksemda og korleis banken arbeider med å førebyggje og handtere negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rapporten gjev også informasjon om funna i arbeidet og dei tiltaka som banken har sett i verk.

## Menneskerettar og arbeidstakarrettar

Grunnleggjande menneskerettar følgjer mellom anna av FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettार frå 1966, FNs konvensjon om sivile og politiske rettार frå 1966 og ILOs kjernekonvensjonar om grunnleggjande rettार og prinsipp i arbeidslivet. Når det er anstendige arbeidsforhold i ei bedrift, blir dei grunnleggjande menneskerettane og helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen ivaretekne. Vidare får dei tilsette ei lønn som det er mogleg å leve av.

For banken er det viktig å ivareta menneskerettane. Sparebanken Sogn og Fjordane er medlem av FNs Global Compact, som er verdas største initiativ for næringslivet sitt samfunnsansvar. Som medlem er banken forplikta til å følgje FNs ti prinsipp for ansvarleg næringsliv.

## Aktsemdsvurderingar

Banken gjer aktsemdsvurderingar for å kartleggje, førebyggje, forhindre og gje greie for korleis banken handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar av vår eiga drift, leverandørkjede og forretningsforbindelsar si verksemd.

Sparebanken Sogn og Fjordane følgjer OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap for våre aktsemdsvurderingar. Arbeidet med aktsemdsvurderingar er ein kontinuerleg prosess. Aktsemdsvurderingsprosessen er omfattande og omfattar heile konsernet. Vurderingane skal bidra til å adressere forpliktingane til verksemda sine mest vesentlege risikoar.

Ei aktsemdsvurdering skal vere førebyggjande. Hovudføremålet er å unngå å skape eller bidra til negative påverknadar på menneske, miljøet og samfunnet, og å arbeide for å forhindre negative påverknadar direkte knytt til aktivitetar, produkt eller tenester gjennom forretningsforhold (OECD, 2019).

### I vårt arbeid legg banken til grunn at aktsemdsvurderingar er:

- førebyggjande, der føremålet er å unngå å forårsake eller bidra til negativ påverknad.
- risikobaserte og bør vere baserte på prioriteringar ut frå alvorlegheitsgrada og sannsyn for skade.
- ein pågåande og gjentakande prosess som stadig må forberast

## Ti prinsipp for ansvarleg næringsliv

Menneskerettar	Arbeid	Miljø	Antikorrupsjon
<p><b>1:</b> Støtte og respektere vern om internasjonalt anerkjente menneskerettar</p> <p><b>2:</b> Sjå til at dei ikkje medverker til krenkingar av menneskerettane</p>	<p><b>3:</b> Halde organisasjonsfriheten i hevd og sikre at arbeidstakars rett til å føre kollektive forhandlingar anerkjennes i praksis</p> <p><b>4:</b> Avskaffe alle former for tvangsarbeid, og</p> <p><b>5:</b> Sikre reell avskaffelse av barnarbeid</p> <p><b>6:</b> Sikre at diskriminering i arbeidslivet avskaffes</p>	<p><b>7:</b> Støtte ei førevar-tilnærming til miljøutfordringar</p> <p><b>8:</b> Ta initiativ til å fremje økt miljøansvar</p> <p><b>9:</b> Oppmuntre til utvikling og bruk av miljøvennleg teknologi</p>	<p><b>10:</b> Bedrifter skal bekjempe ei kvar form for korrupsjon, inkludert utpressing og bestikkelser</p>

Figuren nedanfor oppsummerar trinna i aktsemdsvurderingar i tråd med OECDs retningslinjer:



Modell: OECD

## Utgreiinga sitt innhald og omfang

Utgreiinga vår er delt inn i to hovuddelar: del 1 om leverandørkjeda og forretningspartnarar og del 2 omfattar våre egne tilsette.

Dette er ei konsernfelles utgreiing med Sparebanken Sogn og Fjordane som morselskap. Om ikkje anna er spesifisert, gjeld innhaldet konsernet som heilskap.

Banken er organisert med eit hovudkontor i Førde, og har 12 regionale kontor med tilbod innan finansiering, plassering, eigedomsmekling og forsikring. Banken tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, inkludert lån, innskot, forsikring via Frende, leasing og salspantlån frå SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS, og verdipapirfond via Norne Securities AS.

Banken er omfatta av openheitslova og offentliggjver utgreiing for aktsemdsvurderingar for andre gong.

## Forankring, retningslinjer, roller og ansvar

Sparebanken Sogn og fjordane har forankra arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i fleire interne og eksterne

dokument. Vidare er dei fleire dokument som beskriv korleis det operative arbeidet med oppfølging av openheitslova skal føregå. Retningslinja for openheitslova er vedtatt av styret og reviderast årleg.

Styret har det overordna ansvaret for at banken overheld krava i openheitslova og skal sikre at banken bidrar til å fremje grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Det er fleire som har ulikt ansvar i arbeidet med oppfølging av lova. For interne forhold og tilsette er det direktør HR som har overordna ansvar for risikokartlegginga av eigen verksemd. For leverandørar, samarbeidspartnarar og avtaleinngåing er det direktør økonomi og finans som har det overordna ansvaret for gjennomføring av aktsemdsvurderingar.

Innkjøpsansvarleg har ansvar for kartlegging av leverandørar og forretningspartnarar. Det er bærekraftansvarleg saman med innkjøpsansvarleg gjennomfører aktsemdsvurderingane og kontrollerer leverandørar i tråd med vurderingane.

Oversikt over interne og eksterne styringsdokument som gjev føringar for korleis banken jobbar med grunnleggjande menneskerettar og arbeidsforhold:

- Etiske retningslinjer ([intern](#))
- [Berekraftsstrategi 2022-2024](#)
- [Policy for likestilling, mangfald og inkludering](#)
- [Godtgjersleordning for SSF](#)
- [Etiske retningslinjer](#)
- HMS-handbok ([intern](#))
- Personalhandbok ([intern](#))
- Rutine for varsling om kritikkverdige forhold ([intern](#))
- Innkjøpsstrategi ([intern](#))
- [Policy for samfunnsansvar og berekraft i innkjøp](#)
- Retningslinje Openheitslova ([intern](#))
- [Policy for samfunnsansvar og berekraft for bedriftsmarknad](#)
- [Marknadsføringspolicy](#)

For meir informasjon om Sparebanken Sogn og Fjordane og berekraft: [www.ssf.no/berekraft](http://www.ssf.no/berekraft)

## Leverandørar og forretningspartnarar

Å fremje berekraft i innkjøp er ein viktig del av vår ansvarlege og berekraftige verksemd. Vi jobbar aktivt for å unngå negativ påverknad på miljø, sosiale forhold og økonomi gjennom våre innkjøp. Våre retningslinjer krev at alle leverandørar reduserer klimagassutslepp, fremjar effektiv ressursbruk, og sikrar gode arbeidsforhold.

## Forankring

Arbeidet med openheitslova er godt forankra i våre innkjøpsprosessar og avtalar. Vi krev at leverandørar gir informasjon om sine underleverandørar, følgjer etiske retningslinjer, rapporterer avvik, rettar avvik, og godtek hevingsrett ved manglande etterleving. Fokusområda inkluderer fagforeningsfridom, avskaffing av barnearbeid, og rettferdige arbeidsforhold.

## Roller og ansvar

Sidan førre rapportering på Openheitslova har Sparebanken Sogn og Fjordane gjennomført nokre organisatoriske endringar. I 2023 tok direktør økonomi og finans over det overordna ansvaret for Openheitslova. Dette skjedde som følgje av at avdeling for forretningsstøtte, som tidlegare låg under direktør forretningsstøtte, vart flytta inn under direktør økonomi og finans. Tabellen under viser ansvarsfordeling mellom aktivitetane.


Aktivitet	Ansvarleg
Overordna ansvar	Styret
Ansvaret for å gjennomføre aktsemdsvurderingar	Direktør økonomi og finans
Kartlegging av banken sine leverandørar og forretningspartnarar	Innkjøpsansvarleg (med bistand frå naudsynte ressursar)
Gjennomføre aktsemdsvurderingane og kontroll av leverandørar	Innkjøpsansvarleg og berekraftsansvarleg
Informasjons- og utgreiingsplikt	Kommunikasjonsdirektør i samspel med berekraftsansvarleg

## Kartlegging og vurdering av risiko for negative konsekvensar i leverandørkjeda og hos forretningspartnarar


Sparebanken Sogn og Fjordane har avtalar med kring 300 leverandørar og forretningspartnarar. Desse leverandørane dekker eit breitt spekter av tenester, inkludert IT, eigedomstenester, forsikring og finansielle

tenester. Leverandørkjeda omfattar både lokale og internasjonale aktørar.

Risikoområda er prioritert basert på ein kombinasjon av geografisk plassering, type tenester og produkt, omfang av samarbeid, og tidlegare dokumenterte risikoar. Resultatet av kartlegginga mot slutten av 2023 viste følgjande fordeling av risiko for dei 113 leverandørane<sup>1</sup> som vart vurdert:



Informasjonsinnhenting: antall spørreskjema sendt til lev./forr.parnarar med høg og middels risiko



For å prioritere risikoområda har vi brukt følgjande kriterium: geografisk plassering og grensekryssande leverandørkjede, produktkategori, regulering under norsk lovgjeving, moglegheit og kraft til å påverke, samt relasjon til leverandøren.

I vår kartlegging og risikovurdering av leverandørar identifiserte vi 17 leverandørar med anten middels eller høg risiko. Av desse sendte vi ut spørreskjema til 5 leverandørar, der 1 hadde høg risiko og 4 hadde middels risiko. Spørreskjema blei også sendt til 4 av 16 leverandørar med middels risiko, basert på at vi vurderte at det var reell moglegheit for å påverke desse. Fordelinga på bransjar/område for desse leverandørane var som følgjer:

Reklame og marknadsmateriell: 1  
Reinhold- og kantineteneste: 2  
IKT-utstyr: 2

## Faktiske negative konsekvensar (som er avdekket) i vår leverandørkjede og forretningspartnarar

Sparebanken Sogn og Fjordane har ikkje avdekket konkrete tilfelle av brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i våre aktsemdsvurderingar.

Vi har identifisert vesentleg risiko i enkelte tilfelle, som ein leverandør av marknadsmateriell med underleverandørar i Asia. For å handtere denne risikoen, sendte vi ut eit spørreskjema og mottok tilfredsstillande dokumentasjon som viste gode rutinar og retningslinjer. Leverandøren har også kursa sine tilsette i openheitslova.

<sup>1</sup>Mot slutten av 2023 utførte banken ei større kartlegging av leverandørar i samband med overgang til eit nytt leverandørstyringssystem. Banken vil, på bakgrunn av dette nye systemet for kartlegging og risikovurdering av leverandørar i samsvar med openheitslova, utføre vurderingar av både allereie kartlagde og ikkje-kartlagde leverandørar og forretningspartnarar i løpet av 2024



## Tiltak som er sett i verk for å stoppe, førebygge eller redusere negativ påverknad og skade

Stoppe, førebygge eller redusere handlar om å handtere funn frå kartlegginga på ein god måte. Banken si mest vesentlege negative påverknad på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold må prioriterast først. Dette betyr ikkje at anna risiko er uvesentleg eller at den ikkje vert handtert.

Korleis banken er involvert, er sentralt for å treffe riktige tiltak. Faktisk negativ påverknad eller skade som banken forårsakar eller bidreg til, må stoppast, førebyggast og reduserast. Verksemder som er direkte forbunde med negativ påverknad, må bruke sin innflytelse til å få forretningspartnarar (t.d. leverandørar) til å stoppe, førebygge og redusere desse.

Dersom det vert avdekka avvik frå banken sine krav, vert det gjort ei vurdering av om samarbeidet med leverandøren skal avviklast, eller om det skal utarbeidast ein forbetningsplan. I dei fleste tilfella er det mest aktuelt å sikre forbetningar av arbeidsforholda gjennom å følgje opp leverandøren og sikre at forbetningsplan vert gjennomført som avtalt.

## System for å motta og handtere informasjonskrav

Sparebanken Sogn og Fjordane har etablert eit system og retningslinjer for å motta og handtere informasjonskrav i samsvar med openheitslova. Dette systemet sikrar at alle førespurnadar vert handtert på ein effektiv, transparent og ansvarleg måte.

Banken har oppretta ein funksjon på heimesida der kundar kan stille spørsmål knytt til openheitslova. Denne funksjonen er tilgjengeleg her: <https://www.ssf.no/om-oss/berekraft-og-samfunnsansvar/leverandorar/>

Alle førespurnadar skal vere skriftlege. Når ein førespurnad og melding kjem inn på e-postadresse som kun har dette føremålet, vil meldinga gå til kommunikasjonsdirektør, Berekraftansvarleg og Innkjøpsansvarleg. Desse ansvarlege vil i fellesskap avgjere kven som skal svare ut dei enkelte førespurnadane.

Banken forpliktar seg til å svare på førespurnadar innan rimeleg tid, med ein standardfrist på 3 veker. Dersom mengda eller typen informasjon som vert etterspurt gjer det byrdefullt å svare innan 3 veker, kan svaret utsettast opp til 2 månadar. I slike tilfelle

vil banken opplyse om årsaka til forseinkinga og informere om når svaret kan ventast.

## Eigne tilsette

### Forankring

Banken ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass, der både dei tilsette og organisasjonskulturen er definert som viktige konkurransefortrinn. Banken arbeider aktivt for å vidareutvikle organisasjonskulturen gjennom eit godt samspel med tillitsvalde, eit felles utvikla avtaleverk, trivselstiltak og kompetanseheving. Dette arbeidet er forankra i banken sine strategiske dokument, som etiske retningslinjer, godtgjersleordning og rutinar for eignavurdering.

### Roller og ansvar

HR-avdelinga har hovudansvaret for å sikre at banken etterlever relevante lover og reglar knytt til arbeidsforhold. Dette inkluderer gjennomføring av eignavurderingar, som er pålagt av Finanstilsynet, og sikring av at alle tilsette kjenner til og følgjer dei etiske retningslinjene. Banken sitt tilsetjingsutval, der også tillitsvalde er representert, handterer alle tilsetjingar som ikkje fell inn under definisjonen av leiande tilsette.

### Varslingsordning

Banken har etablerte varslingsrutinar som sikrar at tilsette kan melde frå om kritikkverdige forhold på ein trygg og konfidensiell måte. Dette inkluderer rutinar for korleis slike saker skal handterast, med fokus på å beskytte varslarar og sikre at eventuelle tiltak vert sett i verk raskt og effektivt.

### Kartlegging, vurdering av risiko og tiltak i eiga verksemd

Banken gjennomfører regelmessige kartleggingar og vurderingar av risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette inkluderer blant anna risikovurderingar knytt til diskriminering, trakassering og andre kritikkverdige forhold. Basert på desse vurderingane vert det sett i verk tiltak for å førebygge og avgrense risiko. Dette arbeidet vert følgd opp gjennom årlege rapporteringar og revisjonar for å sikre kontinuerleg forbetring.

Banken har i 2023 gjennomført fleire tiltak for å sikre eit godt arbeidsmiljø. Årlege medarbeidarundersøkingar viser at banken har eit godt arbeidsmiljø samanlikna med næringa og arbeidslivet generelt, med auka medarbeidartilfredsheit og engasjement. Banken har også fokusert på kompetanseutvikling, med



fem timar obligatorisk opplæring for alle tilsette gjennom e-læringsverktøyet Motimate, som dekker tema som anti-kvitvasking, IT-sikkerheit, personvern, likestilling, mangfald og inkludering. Det er ikkje rapportert om intern økonomisk kriminalitet eller tilfelle av diskriminering og trakassering i 2023. Det er ikkje registrert avviksmeldingar på skadar som skuldast ulukker eller arbeidsbelastning.

For ytterlegare informasjon om arbeidet med egne tilsette visast det til [årsrapport 2023](#) (s. 32-40).

## Gjenoppretting

Banken er forplikta til ansvarleg og etisk forretningspraksis i tråd med retningslinjer frå UN Global Compact og OECD. Banken har retningslinjer og policyar for gjenoppretting for å handtere eventuelle brot.

Per i dag er det ikkje avdekka faktisk negativ påverknad eller skade forårsaka av banken, og det har følgjeleg ikkje vore behov for gjenoppretting.

# Oppsummering og signaturside

Styret har behandla og vedtatt Sparebanken Sogn og Fjordane og tilhøyrande dotterselskap si utgreiing etter openheitslova for rekneskapsåret 2023.

Utgreiinga gjev allmenta innsikt i banken sine aktsemdsvurderingar og kva for tiltak som er iverksett, i samsvar med § 5 i openheitslova. Utgreiinga er underskreve i tråd med rekneskapslova § 3-5, av administrerande direktør og styret i Sparebanken Sogn og Fjordane.

## Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane

**Førde 19. juni 2024**

**Lise Mari Haugen**  
styreleiar

**Kristian Skibenes**  
styremedlem

**Camilla Chruickshank Holvik**  
styremedlem

**Magny Øvrebø**  
nestleiar

**Silje Skaar Sunde**  
styremedlem

**Ole-Hermann Rognsøy**  
styremedlem

**Johnny Haugsbakk**  
styremedlem

**Vegard Strand**  
styremedlem

**Trond Teigene**  
administrerande direktør

---

Dokumentet er godkjent/signert elektronisk og krev derfor ikkje signatur.